

# ÅRSMELDING

## FORSAMLINGSSTYRET 2012



### Skapelse og forsoning ved Kristus (Kolosserne 1,15-23)

**15** Han er den usynlige Guds bilde, den førstefødte før alt det skapte.

**16** For i ham er alt blitt skapt, i himmelen og på jorden, det synlige og det usynlige, troner og herskere, makter og åndskrefter – alt er skapt ved ham og til ham.

**17** Han er før alt, og i ham blir alt holdt sammen.

**18** Han er hodet for kroppen, som er kirken. Han er opphavet, den førstefødte fra de døde, så han i ett og alt kan være den fremste.

**19** For i ham ville Gud la hele sin fylde ta bolig,

**20 og ved ham ville Gud forsonne alt med seg selv, det som er på jorden, og det som er i himmelen,**

**da han skapte fred ved hans blod på korset.**

**21** Også dere var en gang fremmede og fiender av Gud i sinn og tanke med de onde gjerningene deres. **22** Men nå har han forsonet dere med seg, da Kristus led døden i sin kropp av kjøtt og blod. Hellige, uten feil og uangripelige ville han føre dere fram for seg. **23** Dere må bare bli stående i troen, grunnfestet og stødige, uten å la dere rive bort fra håpet som evangeliet gir.

Som i fjor vil jeg gjerne få hilse Årsmøtet med den samme Kristus-hymnen fra Urmenigheten, som på en så fin måte hjelper oss til å sette fokus på hva oppdraget vårt er: « **Me ønsker at alle på Lye må verta betre kjende med Jesus Kristus** »! Eller som de sier i Willow Creek: "Menigheten er verdens eneste håp!"

### Forsamlingsstyret Lye Forsamlingshus har i 2012 bestått av:

- Arne Heggheim, formann (årlig valg, sittet 2 år)
- Eivind Stene, nestformann (sittet 4 år)
- Olaug Bjelland (sittet 2 år)
- Astrid Tjemsland (sittet 1 år)

I tillegg møter forsamlingsprest Gunnar Frøyland og administrativ medarbeider Sigurd Idland i forsamlingsstyret. Ungdomsprest Ole Tørring har også møterett, og møter når det er saker som gjelder ungdomsarbeidet.

### Statistikk Forsamlingshuset 2012 (tall fra 2011 i parentes):

21 (21) vanlige gudstjenester på Lye, inkludert 17. mai, med totalt 2 689 (2 959) tilstede, snitt på 128 (142). Ytterpunktene 177-67 og 87 på 17. mai (2010-68). Kan denne nedgangen gjenspeile at i 2011 utgjorde dåpsfølgene ett stort antall?

Ingen dåp på forsamlingshuset i 2012 (4 i 2011). Dette gjenspeiler kanskje at trosopplæringsgudstjenestene og dåp har vært lagt til Time kyrkje.

Nattverdgjester 1 147 (824) på 12 søndager gir et snitt på nesten 96. I tillegg hadde Fredagskvelden to ungdomsgudstjenester med nattverd, med 77 tilstede og 61 til nattverd.

I tillegg var vi med på fellesgudstjeneste på Jærdagen 3/6 i, og hadde familiegudstjeneste med nattverd på weekenden Ognatun 7/10 med rundt 70 påmeldte.

18 kollekter på 74 187 kr, snitt 4 121,50 kr, variasjon fra kr 6 411-1 990.

Siden vi **ikke har medlemsregister** er det vanskelig å si noe eksakt om vekst, annet enn gudstjenesteframmøtet. Som i fjor vil jeg poengtere at jeg tror venns- og naboevangelisering kanskje blir den viktigste måten å nå ikke-kristne i en postmoderne sekularisert kultur med mindre og mindre kristen kunnskap. Det personlige vitnesbyrdet og diakonale gjerninger i lokalsamfunn og naboskap vil være den viktigste måten å dele evangeliet på, når folk ikke lenger søker seg til den kristne forsamlingen. Samtidig trenger vi et varmt og inkluderende gudstjenestefelleskap. Mangler det, vil folk som er kristne i likhet med kirkefremmede, søke seg til de forsamlinger der de finner dette, og da vil vi heller ikke få vekst i givertjenesten til misjon!

Forsamlingsstyret har hatt **13 styremøter** + 1 fellesmøte med Husstyret og Soknerådet, med 93 saker på saklisten i 2012:

De viktigste sakene har vært revisjon av stillingsinstruks for Ungdomspresten, som ble klar til Årsmøtet. Ole har nå brukt mer tid på **søndagsskole og især Junior-Kro** da det er færre ungdommer som bor på Lye. Vi opplever at søndagsskolen er svært viktig og gjør en kjempeinnsats.

Det har kommet tilbakemeldinger om høyt tempo for noen i **Fredagskvelden**, der disse har følt slitasje med for mange aktiviteter. Fredagskvelden har derfor besluttet å bruke annen hver samling til fellesskap med Bibel og bønn framfor tradisjonelle arrangement, og det tror vi er klokt! For øvrig viser vi til egen rapport for Ungdomsarbeidet som tradisjonelt har vært ett av våre viktigste satsingsområder. Derfor er Fredagskvelden nå inne i en vanskelig situasjon når det nå nesten ikke er voksenleder igjen til å støtte opp om arbeidet

Videre har Forsamlingsstyret laget stillingsinstruks **for daglig leder**, der en etter sterke ønsker om mer hjelp, valgte å fremme forslag for Årsmøtet om å ansette Sigurd Idland i 50 % prøvestilling for ett år. Hovedsatsning har vært å hjelpe administrativt til med søndagsskolen, Åpen barnehage Lykkeliten og Fredag i fellesskap, samt kontorrutiner og infomateriell.

Forutsetningen for å fortsette stillingen er at givertjenesten tar seg opp, noe som foreløpig ikke har blitt innfridd, tross mye innsats fra **økonomigruppen, der vi har fått regelmessige oversikter over givertjenesten**. Som styre mener vi at Sigurd har gjort en flott jobb med å få struktur på arbeidet, og ber Årsmøtet ta stilling til om Stillingen skal kontinuieres eller ikke, med evt. utlysning.

**Kommunen krever oversikt over antall betalende medlemmer og antall samlinger** i de forskjellige lagene i barne- og ungdomsarbeidet som de forrige år støttet med 50.000 kr.

**Sigurd har nå utarbeidet mal for rapportskjema** for å få et godt system for innrapportering til Time Kommune, som må innsendes innen 1/3. Den kan også brukes for Forsamlingsstyret for utarbeidelse av Årsmelding.

**Nådegavekurset** som skal arrangeres i fellesskap med Undheim og Time sokn, ble utsatt til februar 2013, og Sigurd har lagt ned mye arbeid her og tatt i bruk nye media som for eksempel Facebook for å annonsere. Nytt av året er også en **Gudstjenestefolder** som vi håper er til nytte og gir nye som er innom lyst til å lære oss bedre å kjenne.

Ellers har det vært arrangement av **Konfirmantfest**, samt planlegging og gjennomføring av Menighetsweekend som gikk av stabelen på Ognatun 5.-7.oktober med 70 deltagere, der det var gode tilbakemeldinger. Forsamlingsstyret valgte bevisst å subsidiere weekenden for å styrke fellesskapsbyggingen og unngå at familier fikk en så høy pris at det ville vært en sperre for å delta. Vi har reservert igjen om 2 år, og får komme tilbake til om vi kan akseptere et underskudd, som i så fall må budsjetteres, noe det ikke var i fjor!

Det er brukt mye tid på å finne nye til **gudstjenesteutvalget** etter at Liv Heidrun nå har sluttet. Vi har ikke lyktes enda, og vil presisere at det trengs en mobilisering av frivillige til dette, skal vi unngå å miste mangfoldet i Gudstjenesten. Noen mener at det er blitt et mer liturgisk preg, men da vil vi invitere til engasjement i gudstjenesteutvalget for å prege utviklingen!

Frode Skårland har sluttet som **musikkansvarlig**. Heldigvis har Ragnhild Hansen tatt på seg å koordinere musikkjenesten, men det samme gjelder her: Så lenge Forsamlingen ikke ser seg råd til en lønnet musikkjeneste, vil det lett bli for mye for én person, og vi trenger også her flere å spille på.

Generelt vil jeg si at gudstjenestene har fått en veldig heving med bruk av mange sanser, via bilder på projektor, variert musikk, kreativ gruppe, drama i samlingen osv. **Det er umulig å nevne alle som står på, men vi vil få rette en hjertelig takk til hver enkelt som har vært og er med og bidrar gjennom de enkelte tjenestegruppene!! Nettsiden vår har blitt profesjonell og til god infohjelp! Barnekor er også med å løfte.**

**Og ikke minst alle i Husstyret med vedlikehold, innkjøp og montering av projektorer, renhold, rydding osv. Og regnskapsførere og revisorer glemmer vi ofte.**

Forsamlingsstyret vil prioritere **husfellesskapsgrupper** parallelt med søndagssamlingene, fordi alle trenger et mindre omsorgsfellesskap i tillegg til sin tjenestegruppe og storfellesskapet i gudstjenesten. Hildegunn Undheim har nå tatt på seg ledelsen av husfellesskapsgruppene.

**Fredag i fellesskap** med middag, møte og gruppeaktiviteter har arrangert fire samlinger med svært gode tilbakemeldinger, og vi som Forsamlingsstyre vil anbefale å fortsette med et par samlinger i semesteret! Se ellers egen årsberetning for disse samlingene.

**"Middag for 6"** har også i 2012 vært et fint tiltak for å styrke fellesskapet.

**"Lykkeliten"** tror vi også i framtiden er viktig å prioritere for å få kontakt med mer kirkefremmede.

**Igjen, en hjertelig takk til alle for den flotte innsatsen som er lagt ned fra hver og en av dere!**

Måtte arbeidet bære frukt med nye som kommer til og unge som blir bevart i barnetroen!  
Og måtte Alvoret gå opp for oss, **"at menigheten er verdens eneste håp»!**

Arne Heggheim

*Formann i Forsamlingsstyret*

---

## **Vedlegg:**

- Årsmelding fra Bønnegruppa
- Årsmelding fra Musikktenesta
- Årsmelding fra Webgruppa
- Årsmelding fra Lykkeliten
- Årsmelding fra Fredag i Fellesskap
- Årsmelding fra Søndagsskolen
- Årsmelding fra Fredagskvelden
- Årsmelding fra Juniorkro
- Årsmelding fra AGAPE (barnekor)
- Årsmelding fra tenestegruppe LYD
- Årsmelding fra Trusoplæringa i Time

---

## **Årsmelding fra Bønnegruppa 2012**

Vi er en liten gjeng med 4 stk. som samles hjemme hos hverandre ca. annenhver uke. I 2012 hadde vi 21 møter. Derav 2 fellesmøter sammen med en annen bønnegruppe her på Lye. Det er godt å komme sammen og være i bønn og tillit til Gud... om menneskene her, menighetslivet og hverdagene våre.

På fellesmøtene, ett om våren, og ett om høsten, planlegges bønnemøtene før gudstjenestene på Lye Forsamlingshus. Der pleier vi å møtes ca. kl 10, og ber for

gudstjenesten.

Nye medlemmer ønskes velkommen.

Vigdis Frøyland

---

## Årsmelding 2012 Musikkjenesten

I tjenestegruppa for musikk har vi vært 12 personer som har deltatt. Vi er glade for alle som har vært med, og det er flott at vi har så mange på huset som har gode evner og glede av å delta i tjenesten. Noen er med ofte, andre er med bare noen få ganger i løpet av semesteret. Det er flere personer som har hatt pauseår i forhold til musikken. Tilbakemeldingene går på at disse har mye å gjøre på hjemmebane, ikke at musikkjenesten ikke er noe for dem.

Tjenestegruppa for musikk ønsker å lede menigheten i takk og tilbedelse til Gud. Musikken og sangvalget skal også være til oppbyggelse og støtte i tros livet.

Vi håper at flere vil bli med i tjenestegruppa for musikk. Frode Skårland takker for seg som musikalsk leder på grunn av jobbskifte, og Ragnhild Hanssen tar over i 2013.

Frode Skårland

---

## Årsmelding 2012 Web-redaksjonen

Lye forsamlingshus har hatt web-gruppe siden vi fikk egen hjemmeside i februar 2008.

Web-gruppen har nå skiftet navn til Web-redaksjonen.

Web-redaksjonen har disse faste medlemmene: Dag-Henrik Fosse, leder; Ola Ketil Siqveland; Ragnhild Aalgaard og Vegard Hanssen.

Hovedmålet for denne tjenestegruppen er via hjemmesiden å være et informasjonsorgan og speile virksomheten på forsamlingshuset. Her kan Lyebuen og andre interesserte se hva som skjer i regi av forsamlingshuset og hva de kan gå på av aktiviteter. Web-redaksjonen ønsker også å presentere ulike sider av arbeidet på forsamlingshuset gjennom artikler og reportasjer.

For at web-siden skal være mest mulig oppdatert, er det viktig at de ulike styrene, arbeidsgreinene og ansvarlige for aktiviteter og grupper oppdaterer informasjonen om sin virksomhet. Web-redaksjonen kan også kontaktes, der ny informasjon og oppdatering sendes via lenken *Kontakt oss*.

Web-redaksjonen samarbeider med menighetsbladet Helgedagen for Time. Utvalgte artikler har også vært publisert både på hjemmesiden og i Helgedagen i løpet av 2012.

I 2012 har det vært lagt ut 50 nyhetsartikler på [www.lyeforsamlingshus.no](http://www.lyeforsamlingshus.no)

Alle som ønsker det kan enkelt abonnere gratis på nyhetsmeldinger som legges ut. I dag er det 86 abonnenter. Vi vil gjerne ha flere. Nye abonnenter kan enkelt registrere seg via hjemmesiden på lenken *Abonner gratis på nyheter her*.

Forsamlingshuset har også en egen Facebook-side, med 116 likes/følgere.

Nytt i 2012 er oppdaterte oversikter over givertjenesten hver måned. Ved ett eneste tastetrykk på lenken *Oversikt Givertjeneste*, presenteres grafikk over givertjenesten.

Dag-Henrik Fosse

*Leder web-redaksjonen*

---

## **Årsmelding for Lykkeliten 2012**

Lykkeliten starta 1.1.12 og er drive av foreldre som er heime med barna på dagtid. Me er team med 2 -3 vaksne på kvart og har ansvar ein gang pr mnd. Me har ei leiargruppe på 4 pers som har ansvar for å planlegge, tenke opplegg, fordele oppgåver og ha kontakten med forsamlingsstyret. Dette har fungert veldig godt, og me koser oss saman.

Me har samling ein dag pr veke, no onsdagen frå kl 9.30-13.00.

Det har vore veldig godt oppmøte, me er i gjennomsnitt 13,3 barn kvar gang. Me har hatt 41 samlingar i 2012, der 40 forsette har vore innom, med 1-3 barn gjentekne gonger. Me ser at det er eit stort behov for å drive Lykkeliten, det er ein arena for folk til å treffe andre, for nyinnflytta og for folk frå andre land.

Nye venskap veks til blant både barn og vaksne, barna lærer veldig mykje i leik med andre barn, og me prøver å gje litt utfordringar i aktivitetar.

Det er fast samling og mat kvar gang, dette deler me på å ha ansvar for. Per Olav Egeland organist i Time, kjem og er med oss anna kvar veke, dette set me stor pris på. Me har òg eit veldig godt samarbeid med forsamlingshuset og Time kyrkja, Torill Egeland Reime som er diakon.

Denne hausten har me tatt betaling, 10kr pr fam. som kjem til Lykkeliten.

Me har fått inn 1740 kr, som me igjen har brukt på Hobby ting, "Kroner" når barna fyller året, avslutningar og godteposar.

Me fekk i vår 4500 kr frå forsamlingshuset som me har brukt på å reklamere for oss, kjøpt leiker og utstyr til barna. 3000 kr fekk me i oppstartsmiddel frå kommunen, desse har me brukt på hyller, CD spelar og liknande.

Hildegunn Undheim

---

---

## Årsmelding for Fredag i Fellesskap 2012

Fredag i Fellesskap er eit tiltak som tok til på Lye forsamlingshus våren 2012. Det er eit arrangement som går føre seg fredagar mellom 16.30 og 19.00, og inneheld tre hovudelement: Middag på forsamlingshuset, eit møte med kristent innhald i aulaen på Lye skule, og gruppeaktivitetar i dei ulike romma på Lye skule og iblant ute og i Lyehallen.

Tanken bak var å

- skapa eit kristent fellesskap på tvers av generasjonar
- samla fleire aktivitetar på forsamlingshuset under same paraply,
- nå ut til folk på Lye som ikkje gjekk på forsamlingshuset til vanleg

Det første målet har ein har lukkast godt med. Oppmøtet har vore godt (rundt 120-160 personar) frå ulike aldersgrupper. Det vanskelegaste har kanskje vore å inkludera ungdommane, då gruppene anten har hatt eit barnepreg eller eit vaksenpreg.

Det andre målet har ein ikkje lukkast med i den grad det var tenkt. Ønsket var at Fredag i Fellesskap kunne erstatta andre aktivitetar, som då kunne inngå i gruppetida. Dette har ikkje skjedd etter planen, og ein har delvis gått vekk frå denne planen.

Det siste målet har ein òg lukkast med til ein viss grad. Det har stadig vore nye menneske innom samlingane, og dette set me stor pris på. Det er likevel ikkje laga noko oversikt over om desse har funne seg til rette på forsamlingshuset eller om dei har kome igjen på andre samlingar. Målet er at stadig fleire skal finne seg til rette på Lye forsamlingshus, og at «alle på Lye må bli betre kjent med Jesus Kristus» (frå visjonen til Lye forsamlingshus).

### Følgjande samlingar har vore gjennomførte i 2012:

#### 1) 3. februar 2012

- Middag:
  - Meny: Meksikansk gryte og pølse i brød med.
  - Ca 150 personar.
- Møte:
  - Gunnar Frøyland
  - Song av Agape
  - Ungdommar er forsongarar
- Grupper:
  - Leikerom
  - Forming
  - Dansegruppe
  - Bakegruppe
  - Kaffekrok med spill og drøs

#### vi. Klatring

#### vii. Innebandy

#### 2) 2. mars 2012

- Middag:
  - Meny: Kyllingsuppe.
  - Ca 170 personar.
- Møte:
  - Ole Tørring
  - Song av Barnegospel
  - Ungdommar er forsongarar
- Grupper:
  - Leikegruppe
  - Forming
  - Bakegruppe
  - Hjørne-fotball
  - Spel på storskjerm

- vi. Kaffekrok med rektor Jone Siqueland
- 3) 14. september 2012
  - a. Middag:
    - i. Meny: Komler.
    - ii. Ca 140 personar.
  - b. Møte:
    - i. BibelTeater (Sigurd Idland)
    - ii. Song av barnegospel og Agape
  - c. Grupper:
    - i. Speidar/Utegruppe
    - ii. Cup Cake
    - iii. Forming 3-7 år
    - iv. Kaffi og spel
    - v. Leikegruppe
    - vi. Konkurransgruppe
- 4) 23. november 2012
  - a. Middag:
    - i. Meny: Kjøttkaker.
    - ii. Ca 130 personar.
  - b. Møte:
    - i. Bjørn Storm Johansen
    - ii. Song av familien Skårland
  - c. Grupper:
    - i. Kaffigruppe / Bjørn Storm Johansen fortel meir frå sitt dramatiske liv og si omvendning
    - ii. Klatring i Lyehallen
    - iii. Innebandy i Lyehallen
    - iv. Leikegruppe
    - v. Spelegruppe
    - vi. Juleverkstad

23/1-2013, Sigurd Idland  
for planleggingsgruppa for Fredag i Fellesskap

## Årsmelding for Lye Søndagsskule 2012

Lye Søndagsskule har hatt 15 søndagsskulesamlingar i løpet av 2012. Dei fleste av desse har vore eigne søndagsskulesamlingar parallelt med gudstenestene, men nokre har og vore søndagsskulegudstenester saman med dei vaksne, der søndagsskulen har vore aktivt med.

Totalt oppmøte var 608 ungar, noko som gjev eit snitt på litt over 40 ungar kvar gong. 108 ulike ungar har vore innom. 67 er betalande medlemmer. Dette gjer Lye Søndagsskule til ein ganske stor søndagsskule!

### Organisering

Ungane er med på første del av gudstenesta. Gudstenestene inneheld ofte ein introduksjon til søndagsskulen sitt tema, med song og gjerne eit innslag som vekker interessa. Deretter går ungane til sine grupper.

Søndagsskulen er delt inn i to: Noas Ark (0 år- 4. klasse) og AlfaKrøll (5.-7. klasse). I tillegg har det vore tilbod om leikekrok bak i møtesalen for dei aller yngste.

Noas Ark er igjen inndelt i tre ulike aldersgrupper, 0-5 år, 1.-2. klasse og 3.-4. klasse. Noas ark har investert i tepper, slik at alle gruppene nå har runde tepper: Rød under skulealder, grøn 1.-2. trinn og blå 3.-4. trinn.



Frå og med januar 2012 fekk ungane på sundagsskulen kvart sitt nøkkelband/-kort i staden for stempel på handa. På nøkkelkortet får dei eit klister for kvar gong, med valfri premie kvar femte gong frå ein premiepott. Ungar frå 7. trinn får vera med å dela ut nøkkelband og kort.

Søndagsskulesamlingane bruker opplegget frå Søndagsskolen Norge (tidl. Norsk Søndagsskoleforbund). Frå i haust har samlingane i Noas Ark derfor vore bygd opp kring fem fokusområder:

- Fellesskapet
- Fortellinga
- Undringa (tid til å tenke)
- Oppdraget (aktivitet)
- Velsigninga

Fellesskapet, Forteljinga og Velsigninga har vore samla, medan Undring og Oppdrag har vore i smågrupper. Etterpå har det ofte vore tid til litt fri leik òg.

I AlfaKrøll har det vore fokus på bønn, bibel, samtale og aktivitet. Om våren var mellom anna Knut Jarle Hjørnevik, Geir Bjelland og Liv Heidrun Heskestad med og hadde ansvar kvar sin gong. Frå hausten har ungdomsprest Ole Tørring hatt ansvar for å koordinera desse samlingane, og Margrethe og Solveig Heggheim, og Sigurd Idland, har vore med og hatt ansvar nokre av gongene. Det har vore rundt 10-12 ungar i denne aldersgruppa kvar gong, nokre gonger fleire og nokre gonger færre.

Sidan det er mange ungar i ulike aldrar, er det bruk for mange grupperom. Situasjonen i dag er ikkje heilt tilfredsstillande for Søndagsskulen sine behov. Ein brukar barnehagen nede, i blant toaletta i barnehagen (!), gangen nede i kjellaren, Ole sitt kontor og ungdomsloftet som grupperom. Gangen nede i kjellaren er kald og bråkete, og på Ole sitt kontor tek biljardbordet litt stor plass.

Søndagsskulen har òg lenge ønska å ha eit fast rom der inventaret kan stå fast. No brukar koordinerande leiarar mange timar kvar gong på å rigga opp og ned utstyr og inventar som brukast i søndagsskulen!

### **Leiartrening**

I tillegg til å tena ungane i sundagsskulen, driv søndagsskulen viktig leiartrening! Derfor satsar me fortsatt på å ha med mange unge leiarar frå og med åttande klasse. I haust har det vore omkring 10 aktive ungdommar med. Det er godt for oss leiarar å dela på oppgåvene, og det er godt for barna å møta trygge fang og gode auga som ser dei og som nemner barnas namn. Leiarane får prøva seg i ulike roller og barn og leiar vert kjende.

Sundagsskulesamlingane vert planlagde og evaluerte på teamsamlingar og over mail, samt ved rigging laurdag og rydding sundag.

### **Andre aktivitetar**

4. februar arrangerte me søndagsskulebasar, med Inger Åsine Ueland, Tor Ueland og Lillian Hjørnevik i spissen for basardelen. Mange andre var og med og hjelpte med det praktiske. Barnegospel song fire songar, og Jorunn Pettersen hadde andakt.

SLUSH-kurs (leiar kurs for unge søndagsskuleleiarar) vart arrangert tre onsdagar etter skultid i februar. Ca. 12 ungdommar, stort sett frå 6.-9. trinn (pluss ei frå 10. trinn som ønska repetisjon frå sist kurs), var med. Margaret Berland frå søndagsskulekretsen kom og hadde undervisninga. To ungdommar, som ikkje hadde anledning til å bli med på SLUSH-kurset, fikk mini-SLUSH-kurs på konferanse i Stavanger 3. mars. Dei unge synst SLUSH er heilt topp.

Før sommaren hadde me sommaravslutning for leiarane heime hjå Jorunn Pettersen ein junikveld med sosialt fellesskap, åndeleg innhald og mat.

Rogaland søndagsskolerets arrangerte også i 2012 Søndagsskulefestival i Kongeparken den fyrste helga i september, og det var mange som deltok.

I haust (16/9) hadde me team-building med søndagsskuleleiarane. Ole Tørring hadde ansvar for bilrebus, og Hildegunn Undheim underviste og Anna Bergitte Skårland hadde songøving.

### **Vaksenleiarar**

På leiarfronten har me fordelt vaksenansvaret på fleire. Me vart så mange at me fekk to samlingar kvar i vårsemesteret av åtte samlingar i Alfa@ og åtte samlingar i Noas Ark. 10. juni hadde søndagsskulen preika, medan Inger Birgitte hadde leik, dette på Vestly / friluftsgudsteneste. Leiartreninga for dei unge er stort sett nede i Noas Ark, med eit par unntak oppe i Alfa.

Etter sommaren blei det forandringar. Sigurd Idland, forsamlingshusets nye administrasjonsmedarbeidar overtok ti timar administrasjonsarbeid pr. veke for søndagsskulen. Dette letta arbeidet for dei vaksne leiarane.

Desse sat i styret 2012: Anna Bergitte Skårland, Anne Gunn Dovland Vassbø, Sigurd Idland (frå hausten).

### **Takk**

Me ønskjer å takka alle som på ulikt vis har vore med og gjort ein innsats i søndagsskulen!

Me vil takke alle desse unike og ulike leiarane for flott innsats gjennom heile året eller deler av året:

Margrethe Heggheim, Solveig Heggheim, Anne Grete Apeland, Gerd Åshild Ueland, Janne Birgitte Ueland, Marta Harestad, Sverre Frantzen, Kristoffer Harestad, Thorvald Sandmark, Stina Pettersen, Ola Sæbø, Solveig Pettersen, Randi Bjørkhaug, Miriam Lende Risa, Margareth Harestad, Andreas Fosse Hansen, Solveig Egeland, Torill Bjelland, Ida-Marie Andreassen, Merete Vestly, Ingvild Hjørnevik, Sæbjørn Sandmark, Ingrid Bjelland, Målfrid Grødem.

Mange takk òg til revisor Geir Borgen, samt dei før nemnte basaransvarlege.

8/1-2013, Sigurd Idland  
for Lye Søndagsskule

---

## Årsmelding Fredagskvelden 2012

**Vår:** De som satt i styret var: Else Iren Byberg, Geir Einar Borgen, Samuel Løken, Chriss Andre Budeng, Tom Carlos Slettebø, Martha Harestad og Anne Grete Apeland. Vi fortsatte opplegget fra tidligere men prøvde ut litt forskjellig. Mengden av ungdom var litt dalende utover våren, men var på snaut 35 i snitt. Av større arrangement så var CRC (Christ Rock Cafe) det mest besøkte. I tillegg hadde vi Fotball-EM på storskjerm.

Vi hadde og bibelgruppe annen hver tirsdag. Her hadde vi en del forskjellige tema. Noe var til innvortes bruk og noe var utadrettet.

**Høst:** Else Iren, Martha, Geir Einar og Samuel sluttet og reiste bort på team, bibelskole osv. Nye inn ble Kristoffer Harestad, Ingvild Hjørnevik. Vi begynte en forandring i opplegget. «Folk var trøtte av det samme som skulle skje hver gang.» «Fokus var lavt.» Vi fordelte derfor fredagskvelden i 4. Annenhver fredag åpent hus. Hver 4 fredag Ungdoms-Gudstjeneste og hver 4 fredag et tros-arrangement (skulle gå over i huskirker). Dette førte dessverre ikke til den oppturen som vi håpte. Og selv om mange sa at det hørtes spennenes ut, så uteble de allikevel. Deltagelsen sank videre og selv om det var mange oppturer, så ble snittet på snaut 30. Det beste med høsten var kanskje at vi fikk gang på nyttårsfeiringen igjen. Selv om det var en del ting vi nok kunne vært flinkere på ved dette arrangementet (skyldes nok litt mangel på erfaring) så ble feiringen veldig trivelig. Det var ca. 25 stk som deltok på nyttårsfesten.

Styret hadde team-tur til GLS i Kristiansand. Den sosiale biten var veldig vellykket. Det innholdsmessige av konferansen var det heller litt forskjellig tilbakemelding på. De yngste syntes nok at det ble litt lenge å fokusere på en som snakket, mens undertegnede syntes det var mye å ta med seg videre. Det kan være at vi i 2013 prøver å finne en annen arena å suge påfyll fra....?

Det var også tur til KRIK-turneringen i Bjerkreim.

Og det var 35 betalende medlemmer i 2012.

Oppsummert så var vi i en omforming av ungdomsarbeidet. Målet er at alle skal føle seg velkomne og inkluderte. At unge mennesker skal få høre om og møte Jesus og at de skal komme til og vokse i tro.

### **2013:**

Målet er å snu den dalende trenden. Selv om det i løpet av de første gangene har vært ca. 25 i snitt, så har stemningen vært en helt annen blant de som har møtt opp. Vi ser og at det er mange slitne mennesker og at det derfor er vanskelig å rekruttere både voksne og ungdommer til en aktiv tjeneste på fredagskveldene. Vi har derfor tenkt oss å flytte ungdomsgudstjenestene til søndagen. Dette blir prøvd ut i vår og så evaluerer vi til

sommeren. Vi vurderer også å begynne med MILK-kurs til høsten for å øke antall lederemner og tilhørighetsfølelsen til disse.

Ole Tørring

---

## Årsmelding JR-Kro 2012

**Høsten:** Oppstart av et eget ungdomsstyre som har som mål å drifte JR-kro. Disse var i høsten 2012 Anne Grete Apeland, Gerd Åshild Ueland, Henriette Kjørmo Arntsen, Vibeke Skrettingland, Tom Carlos Slettebø, Christian Penny Melgård. Tom Carlos og Christian sluttet i løpet av høsten og ble erstattet av Thorvald Sandsmark og Andreas Fosse Hansen. I tillegg var Sæbjørn Sandsmark og Ole Tørring med som voksne. Ane Rosseland Johansen hjalp og til og er etter hvert innlemmet i styret.

Det var lagt opp til noen temakvelder og noen mer vanlige kvelder der ungene kunne delta i forskjellige grupper. Temakveldene bestod i Kålrot-kveld, Navnedag-kveld og bowling. Det ble til sammen gjennomført 7 JR-kro i løpet av høsten og oppslutningen var fra 3 til 25 stk. I snitt lå det på ca. 15.

Utsiftingene i ledergruppen er en utfordring. Og vi ser at vi er sårbare dersom det er bursdagsfeiring osv. Vi kommer allikevel til å fortsette å bygge videre på gruppen og håper at våren blir litt mer stabil.

Ole Tørring

---

## Årsmelding AGAPE

Agape er eit barnekor for barn frå 4. til 7. trinn. Me øver annakvar måndag på Lye forsamlingshus frå 18 – 19. Me øver inn songar og repertoar for framføring i gudstenester på Lye forsamlingshus og andre stader ved førespurnad.

Medlemskontingent er 100 kr pr skuleår. I 2012 hadde koret 6 betalande medlemmar.

På våren hadde me 8 øvingar og opptreden på Fredag i fellesskap, basar på Fotland bedehus og gudsteneste på Lye forsamlingshus. På hausten hadde me 9 øvingar og opptreden på Fredag i fellesskap, basar på Lye forsamlingshus og to gudstenestar på Lye forsamlingshus.

Dette er ein kjekk gjeng med store barn som likar å synge og spreie budskapet om Jesus. Dei er motiverte og bevisste og inspirerer oss leiarar.

Time 21.1.2013

Magnhild Sørli, Kari E. Stokka (leiarar)

---

## Årsmelding tenestegruppe LYD

Lydgruppa har hatt store utfordringar i 2012. Året starta med innbrot på forsamlingshuset der store deler av lydanlegget vart stole. Politietterforskinga gav dessverre ikkje noko resultat, ikkje heller intenst søk på ulike nettsider der slikt utstyr kunne bli lagt ut for sal. Oppgjer frå forsikringsselskap tok også lang tid, slik at vi ikkje kom i gang med nytt utstyr før langt utpå hausten. Det nye utstyret kom på plass i november/desember og vi er så langt godt nøgd med det. Dei som har styrt lyd i denne perioden skal ha stor takk for godt utført jobb med til dels ukjent, innleigd utstyr.

Gruppa har 6 stk som tek seg av den viktige oppgåva med å få god lyd på gudstenestane og vedlikehald av utstyret. Anlegget vert også brukt av ungdommane og av kora.

Utfordringa vår framover vert å få ei god opplæring av alle dei som bruker anlegget og at anlegget vert brukt til det som det er berekna for.

Jone Ueland

---

## Trusopplæringa i Time – Årsmelding 2012

Dåpen forpliktar oss til opplæring. Trusopplæringa skal vere eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå. Vi har sidan oppstart i august 2004 bygd opp nokre robuste fasetiltak for aldersgruppa 0-12 år. I 2012 gjorde Bryne eit omfattande «fornyingsarbeid» knytt til «Lys vaken» og 5. klasse. Med «Narnia» som ytre ramme, har ein prøvd ut eit opplegg med m.a. meir fysisk aktivitet og friluftsliv. God respons! Vi gjorde også eit forsøk med nytt fasetiltak «Kode B» i 6.klasse på Bryne; dette nådde vi ikkje fram med.

Oversyn over fasetiltaka:

Alder	Tiltak	Oppslutning	Anna
2 år	Undretur Hausttakkegudst.	Time: 12 av 48 Bryne: 11 av 119 Undheim: 13 av 17	Alle fekk CD. 1 samling
4 år	Barnebibel	Time: 21 av 36 Bryne: 63 av 112 Undheim: 9 av 10	1 gudst.
4 år	Adventsklubb	Time: 20 av 36 Bryne: 10 av 112 Undheim: 8 av 10	1 - 3 samlingar
1. kl	Dåpsskule	Time: 26 av 39 Bryne: 40 av 92 Undheim: 16 av 16	4 saml. + dåpsskulehelg
2. kl	Pinsefart	Bryne: 22 av 104	3 saml. ettermiddagstid

3.kl	Tårnagenthelg	Time: 21 av 34 Undheim: 21 av 27	Laurdag 5 timer + gudst. søndag (02- og 03-kullet)
5.kl	Lys vaken	Time: 16 av 34 Undheim: 8 av 10 Bryne: 37 av 98	Overnatting + 6-7 saml. + gudst. Nytt Narnia-opplegg
6.kl	Kode B	Bryne: Ikkje fullført. 12 av 94 innom	

På ungdomsfasane har vi mykje ugjort. Har begynt på eit spennande nytt prosjekt i lag med dei andre kyrkjelydane i prostiet for aldersgruppa 15+. Ungdomskonferansen UanZ går av stabelen i oktober 2013.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansere satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

#### **Anna:**

- Per Olav Egeland har hatt musikkamlingar i det foreldrestyrte «Lykkeliten» på Lye forsamlingshus anna kvar onsdag formiddag. Veldig god respons!
- Torill Egeland Reime og Per Olav Egeland har drevet «Byggekløssen» anna kvar onsdag i Bryne kyrkje. Her har det i praksis ikkje vore ungar, så tiltaket vert lagt ned.

**Organisering:** i 2012 har vi gjort ein del førebuingar med tanke på overgang til ordinær drift. Vi har flytta på ressursar og begynt å samle stillingseiningar. Det kan vere aktuelt å samle ennå meir. Bjørn Inge Hauge vart tilsett 1/8 2012 i nyoppretta stilling på Bryne med trusopplæring som eit av fleire ansvarsområde.

Trusopplæringa har til saman 1,6 stillingar pr 31/12 2012:

30% trusopplærar på Bryne: Jorunn Pettersen

40% kyrkjelydsutviklar/trusopplærar på Bryne, Bjørn Inge Hauge

20% kantor, Bryne ++: Per Olav Egeland

70% prosjektleiar: Jorunn Ueland.

I desember vart det gjort kjent at Jæren prosti har fått trusopplæringsmiddel. Som direkte konsekvens av det, får Time gjort om overføringane frå bispedømet frå prosjektstøtte til ordinær drift. Nøyaktig beløp er ennå ikkje kjent, men ein reknar med at vi mister om lag kr 300 000,- årleg. Vi vil derfor måtte redusere stillingsvolumet frå 1,6 stillingar til kanskje om lag 1 stilling.

Prosjektleiarstillinga har utspilt si rolle og vert avvikla. Ansvar for trusopplæringa blir liggjande hos kateketen. Dei som sit i dei gjenverande stillingane pr i dag, jobbar alle i Bryne. Sokneråda er oppmoda om, og er til dels i gang med, å styrkje trusopplæringsarbeidet gjennom gjevarteneste, slik at det kan opprettast ei ny stilling med ansvar for gjennomføring og drifting av trusopplæring i Time og Undheim, om mogleg frå 1/8 2013.

2013 blir eit spennande år med rom for mykje nytenking og nye veival. Vi vel å halde hovudfokus på omorganisering og planarbeid dei første månadene medan vi enno er fullt bemanna. Utvikling av nye fasetiltak vert sett litt på vent til vi ser kva ressursar som er tilgjengelege frå hausten 2013.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføre.

Guds fred!

Jorunn Ueland

---